

Rundskriv

Samtlige departement
Statsministerens kontor

Nr.

R-6/2025

Vår ref

25/4127

Dato

18. august 2025

Statsbudsjettet 2026 – Retningslinjer for bekreftelsesbrev og innlevering av tekst til Gul bok

Alle rettelser og endringer i rammefordelingsforslaget for 2026 skal bekreftes i eget brev fra fagdepartementene.

Dette bekreftelsesbrevet skal sendes Finansdepartementet innen torsdag 4. september 2025. Samme dag skal endringene leveres elektronisk via Budmod. Ved behov for brukerstøtte, ta kontakt med DiO Brukerstøtte Budmod. Videre skal tilsagns- og bestillingsfullmakter og romertallsvedtak også leveres elektronisk som avtalt med Finansdepartementet.

Bekreftelsesgrunnlaget er fagdepartementenes innsendte rammefordelingsforslag per 21. juli 2025 (tallfil levert via Budmod). Utskrift av foreløpig utkast til vedtak i Gul bok 2026 basert på fagdepartementenes innsendte fil, vil bli vedlagt Finansdepartementets rammebrev som sendes ut etter Regjeringens budsjettkonferanse. Alle endringer må være i forhold til dette.

Vi vil presisere at på alle 01- og 24-poster må det posteres på underpost. Endringer i kapittel- og posttekster, stikkord, avsnittsbetegnelse mv. kan foretas direkte på tilsendte papirutskrift, som deretter returneres i kontrollert stand.

Det bes spesielt om at det i bekreftelsesbrevet ikke blir tatt opp saker som forutsetter saksbehandling i Finansdepartementet. Sakene skal være avklart før bekreftelsesbrevet sendes.

Utkast til fagproposisjoner

Det er svært viktig at vedtakene i fagproposisjonene er identiske med vedtakslisten i Gul bok. Vi gjør oppmerksom på at det er tall og tekst i Gul bok som er grunnlag for vedtaket i Stortinget.

Departementene er selv ansvarlige for at omtalen i fagproposisjonene er i tråd med regjeringens politikk og konklusjoner i regjeringen. Departementene må sende Finansdepartementet særlig viktige deler av proposisjonene innen torsdag 11. september 2025, jf. *Hovudbudsjettsskriv for 2026 (R-4/2025)*.

Anmodningsvedtak

Jf. *Hovudbudsjettsskriv for 2026 (R-4/2025)* skal fagproposisjonene omtale anmodningsvedtak fra Stortinget til regjeringen.

Følgende vedtak skal være med i omtalen:

- alle anmodnings- og utredningsvedtak under departementet i forutgående stortingssesjon (2024–2025).
- alle anmodnings- og utredningsvedtak fra tidligere stortingssesjoner som kontroll- og konstitusjonskomiteen ved behandling av Meld. St. 4 (2024–2025) ikke har kvittert ut, jf. Innst. 216 S (2024–2025).

Bidrag til departementsomtale i Gul bok

Fristen for å levere tekster til departementsomtalen i Gul bok er torsdag 11. september 2025. Det vises til pkt. 6.1 i *Hovudbudsjettsskriv for 2026 (R-4/2025)* om utforming av departementsomtalen til Gul bok.

Departementsomtalen skal gje ei overordna omtale av det samla budsjettforslaget, og syne dei viktigaste prioriteringane i 2026-budsjettet. Omtalen skal byrje med ei strekliste på tre til fem hovudprioriteringar. Gje deretter ein utfyllande omtale for kvart strekpunkt. Dette kan innebære syning av dei største budsjettområda og kva ein ønskjer å oppnå, samt korleis løyvingane innrettast for å nå måla. Resultater av tidlegare løyvingar kan også omtalast der det er relevant. Større satsingar og innsparingsforslag (som òg er prioriteringar) kan omtalast saman med det relevante budsjettområde. Ein skal berre unnataksvis gjenta tal frå tabellen. Viktige utviklingstrekk over tid kan takast med. Omtalen må vere konsentrert, jf. krava til lengde.

For å sikre ei mest mogeleg einsarta framstilling av departementa, er det viktig at malen vert følgd. Teksten skal vere klart, godt og enklast mogeleg skrive.

Utforming av departementsomtalen i Gul bok

Departementsomtalen i Gul bok skal ha to hovuddelar: Ein innleiande tabell med oversikt over løyvingsforslaga og ein tekstleg omtale av hovudtrekk og prioriteringane i budsjettet under kvart departement.

Kvart departement skal utarbeide ein omtale for områda sine og sende dette til Finans-

departementet innan 11. september.

Oversiktstabell

Tabellen skal gje ei oversikt over budsjettforslaget på programkategorinivå, med kolonnar for det salderte budsjettet for inneverande år (Saldert budsjett 2025), løyvinga for komande år (Prop. 1 S for 2026) og prosentvis endring frå inneverande til komande år. Sum skal vere i millionar kroner.

Departement som har fleire programområde, skal summere kvart programområde for seg, og dei samla løyvingane på områda til departementet skal summerast til slutt. Departement som har 90-postar (lånetransaksjonar), skal skilje desse ut under kvart programområde.

Dersom det er gjort tekniske omleggingar eller liknande som fører til store endringar i løyvingane under eit departement, bør departementet omtale dette kort i fotnotar under tabellen. Tabellane i Gul bok skal syne faktisk løyving utan korreksjonar. Dersom eit område til dømes er flytta i samband med funksjonsendringar mellom departement, skal departementet forklare det i ein fotnote.

Tekstleg omtale

Departementsomtalen skal syne dei viktigaste prioriteringane i 2026-budsjettet. Omtalen skal byrje med ei strekliste på tre til fem hovudprioriteringar. Gje deretter ein utfyllande omtale for kvart strekpunkt. Her kan ein leggje vekt på større satsingar og innsparingsforslag (som òg er prioriteringar), men òg kva ein ønskjer å oppnå med løyvingsforslag som i stor grad er ei vidareføring av løyvningsnivået frå tidlegare år. Ein skal berre unntaksvis gjenta tal frå tabellen. Viktige utviklingstrekk over tid kan takast med. Omtalen må vere konsentrert, jf. krava til lengde nedanfor.

For å sikre ei mest mogeleg einsarta framstilling av departementa, er det viktig at denne malen vert følgd. Teksten skal vere klart, godt og enklast mogeleg skrive.

Lengda på departementsomtalen

Finansdepartementet legg følgjande til grunn som øvre grense for lengda på omtalen, eksklusive tabellen, under kvart enkelt departement:

- Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet: 1½ side
- Dei andre departementa: ¾ side

Tekniske krav til utforminga av departementsomtalen

Departementa skal nytte dei same malane ved utforminga av departementsomtalen i Gul bok, som dei nytta ved utforminga av fagproposisjonane.

Departementenes digitaliseringsorganisasjon (DiO) vil gje naudsynt brukarstøtte dersom departementa har behov for teknisk assistanse i samband med utarbeidinga av departementa sine bidrag til Gul bok.

Lever utkasta elektronisk som avtalt med Finansdepartementet. Teksten må vere lagra i Microsoft Word-format. Still opp tabellane slik det er omtalt i brukardokumentasjonen.

Med hilsen

Trond Høyde (e.f.)
avdelingsdirektør

Martin Haukland
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer